FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET
- 8 JUNI 1995

FISKERIRETTLEIAREN I HERØY

MØRE OG ROMSDAL




# ÅRSMELDING

# 1987

3388/b 1767

## Forord.

Herøy kommune grensar i aust og nord til Ulstein kommune og mot Storfjorden.i sør mot Sande kommune.

Det er ei øykommune som omfatter delar av Gurskøya og øyane Skorpa.Nerlandsøy.Runde.Remøy,Leinøy,Bergsøy og Flåvær. Folketalet var 8105 ved utgangen av 1987.
6 av dei 8 øyane er no knytte saman med bruar som gjer det lettvint å kome til kommunesentret i Fosnavåg med rådhus og kommuneadministrasjon.

INNHALD.

| Kapitel. | | Side |
|---|---|---|
| 1. | Rettledningstenesta si verksemd og funksjon. | 1 |
| 1.1. | Kontoret | 1 |
| 1.2. | Personalet | 1 |
| 1.3. | Korrespondanse | 1 |
| 1.4. | Fiskerinemnda-møteverksemd | 1 |
| 1.5. | Tjenestereiser utenom rettleiardistriktet | 1 |
| 2. | Nemnder og styrer. | 2 |
| 2.1. | Herøy Fiskerinemnd | 2 |
| 2.2. | Fiskarbankens takstnemnd | 2 |
| 2.3. | Herøy Hamnestyre | 2 |
| 3. | Fiskarmanntalet | 3 |
| 4. | Fiskeflåten i Herøy | 4 |
| 4.1. | Generelt. | 5 |
| 4.2. | Ringnotflåten | 6 |
| 4.3 | Industritrål | 6 |
| 4.4 | Line-garn og kystnotflåten | 7 |
| 4.5. | Reketrål | 7 |
| 4.6. | Skjellskrapere | 8 |
| 4.7. | Kommentarar | 8 |
| 4.7. | Kommentarar (forts) | 9 |
| 5. | Oppdrettsnæringa | 9 |
| 6. | Servise for fiskeflåten | 10 |
| 7. | Fiskeindustrien i Herøy | 10 |
| 8. | Garantikassen for fiskere | 11-12 |
| | Tabellar over fisk levert i Herøy 1987. | 13 |

## 1. Rettledningstenesta si verksemd og funksjon.

### 1.1. Kontoret

Kontoret ligg i sentrum av Fosnavåg.Kontora har rimeleg god plass.2 kontorrom og eit mindre arkivrom .
Eit av kontora er sopass stort at det kan nyttast til møterom for fiskerinemnda. Utstyret er det vanlege som er naudsynt for det arbeide som skal utførast.I 1987 vart kontoret utstyrt med PC.

### 1.2. Personalet.

Personalet har i 1987 vore Fiskerirettleiar Odd Sævik.Inntil juli 1987 var Johnny S. Kvalsund ansett som kontorassistent/ sakshandsamar løna med midler frå Fylkesarbeidskontoret.

### 1.3.Korrespondanse

Det vart registrert 692 utgåande brev i 1987 mot 871 i 1986.

### 1.4.Fiskerinemnda-møteverksemd.

Det er halde 25 minimøter med deltaking av formann/nestformann for behandling av kurante saker og 8 fulltalige møter.
Det blei ialt behandla 111 saker av ymse slag.
32 søknader om lån i Statens Fiskarbank.
25 søknader om avdragsutsetjing til Statens Fiskarbank.
2 søkader om tilskot til energiøkonomisering.
13 søknader om vassildkonsesjoner.
17 søknader om ervervsløyve til fartv eller delar av farty.
9 søknader om ymse oppdrettsløyver.
13 saker med nemndas uttale av ymse slag.

### 1.5.Tjenestereiser utanom tjenestedisrikt.

3. til 6. februar.P:C: kurs ved Fiskeridirektoratet,Bergen.
Kontormøte med fiskerisjefen i Ålesund 1.april.
Rur til Aqua-Nor i Trondheim 11.og 12.august
Samkome for Peder Ellingvåg 30. septeember i Ålesund.
Årsmøte i Sunnmøre Fiskarlag i Ålesund 23 til 25 oktober.
Fiskerikonferanse i Ulsteinvik den11.november
Kurs på Mullerhotell den 2.og 3.desember.

## 2.Nemnder og styrer.

### 2.1.Herøy fiskerinemnd 1987.

| | |
|---|---|
| Arnt Leinebø,formann, | Vara: Knut Sævik |
| Inge Nærø, nestform. | " : Reidar Hole |
| Arne Sævik, medlem | " : Einar Nerland |
| Palmar Kleppe. medlem | " : Hans Petter Leine |
| Otto Kalland, medlem | " : Reidar Remøy |

### 2.2 Fiskarbankens takstnemnd 1987.

| | |
|---|---|
| Odd Sævik.formann | Vara: Reidar Remøy |
| Knut Sævik, nestformann | " : Johs.Bjarne Eggesbø |
| Birger Skuggen, motorkyndig | " : Arne Jøsok |

### 2.3 Herøy Hamnestyre 1987.

| | Personlege varafolk: |
|---|---|
| Øystein Østensen Goksøyr. formann | 1 : Reidar Remøy |
| | 2 : Harald Tarberg |
| Magne Sævik. nestformann | 1 : Leif K.Igesund |
| Berit Myrvågnes | 2 : Johs.Bjarne Eggesbø |
| | 3 : Selma Håkonsholm |
| | 4 : Bjørn Voldnes |
| Ingrid Kvalsund | 1 : Liv Kruse Sævik |
| Peder Smådal | 2 : Arne Jøsok |
| Paul R. Kvalsund | 3 : Arnt Leinebø |
| | 4 : Gunnar Knotten |
| | 5 : Åse Alnes Kvalsvik |
| Susann Frantsen | 1 : Odd Sævik |
| Reidar Hole | 2 : Anton Eide |
| | 3 : Ingrid Måløy |
| | 4 : Jens Hjorthaug |
| Konrad Berge | 1 : Palmar Kleppe |
| | 2 : Ragnvald Vågsholm |

Fiskerirettleiaren kan etter kommunestyrevedtak møte i hamnestyret med tale-og forslagsrett,men uten stemmerett.

## 3. Fiskarmanntalet

Fiskarmanntalet skal sikre ei registrering av alle som bur i riket og som har fiske og fangst som næring.
Manntalet blir nytta ved tilståing av spesielle rettar og/ eller støtteordningar som er gjeldande for fiskara og fangstfolk.Det visar seg at det blir stadig meir attraktivt å stå i Fiskarmanntalet.Det er "billetten" ein fiskar må ha for å oppnå dei goder som tilkjem fiskarane,med subsidiar,konsesjonar, sjukeløn,ferietilskot,A-trygd og andre sosiale ordningar.
Fiskerirettleiaren er manntalsførar i Herøy.

Utviklinga i antal fiskarar i Herøy på blad B.fordelt på aldersgruppar for åra -82,-83,-84,-85,-86,-87.

| | <20 | | <30 | | <40 | | <50 | | 50> | | Total | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | ant. | % | ant. | % | ant. | % | ant. | % | ant. | % | ant. | % |
| 1982 | 49 | 9.0 | 166 | 30.5 | 107 | 19.7 | 101 | 18.6 | 120 | 22.0 | 543 | 100 |
| 1983 | 65 | 11.5 | 168 | 29.5 | 120 | 21.0 | 95 | 16.7 | 127 | 16.3 | 569 | 100 |
| 1984 | 53 | 8.7 | 203 | 33.6 | 126 | 20.9 | 100 | 16.6 | 121 | 20.1 | 603 | 100 |
| 1985 | 71 | 11.9 | 199 | 33.4 | 117 | 19.7 | 99 | 16.6 | 109 | 18.3 | 595 | 100 |
| 1986 | 70 | 10.3 | 235 | 34.8 | 149 | 22.0 | 103 | 15.2 | 119 | 17.6 | 676 | 100 |
| 1987 | 74 | 10.2 | 256 | 35.6 | 153 | 21.2 | 108 | 15.2 | 121 | 15.8 | 719 | 100 |

Reglane for å stå på blad B er strenge. Det krevst mellom anna at vedkommende antas å få minst 20 vekers full beskjeftigelse i fiske og fangst.
For å stå på blad A er reglane meir vidfemnande. Dette er serleg gjordt for at eldre pensjonerte fiskara og fiskara med uførepensjon skal ha rett til å stå der.

På blad A sto det i 1986 oppført 91 personar og i 1987 92.
Det er god rekruttering til fiskeria i Herøy.
I 1987 vart det tilmeld 84 personar på tilleggslista,blad B i Herøy. Av dei var heile 44% under 20 år.36 % var frå 20-30 år.

Det er berre bykommuna Tromsø som har fleire registrerte fiskara enn Herøy på landsbasis.Det kan kanskje nemnast at Herøy kommune har omlag like mange registrerte fiskara åleine som fylkene Aust-Agder, Vest-Agder og Telemark tilsaman.
Eit stort fiskerifylke som Rogaland har berre 120 fiskara registrert på blad B meir enn Herøy.

Ein gjer merksam på tala er litt for høge då strykingar for 1987 ikkje er kome med.

Fiskeflåten i Herøy pr.31.12.87: Storleik byggeår,avgang/tilgang 1987

| Lengde i meter | Antall farty | | | | Byggeår | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Status pr.1/1 | Avgang | Tilgang | Status pr.31/12 | Før 1/1 1930 | Før 1/1 1940 | Før 1/1 1950 | Før 1/1 1960 | Før 1/1 1970 | Før 1/1 1980 | Etter 1980 | Totalt |
| Under 9.99 m | 236 | 19 | 5 | 224 | 1 | 1 | 7 | 27 | 27 | 106 | 55 | 224 |
| 10 m -14.99 m | 26 | 2 | 8 | 32 | | | 1 | 2 | 2 | 6 | 21 | 32 |
| 15 m -19.99 m | 6 | | | 6 | 2 | | | 2 | | | 2 | 6 |
| 20 m -24.99 m | 5 | 1 | | 4 | 2 | | | 1 | 1 | | | 4 |
| 25 m -29.99 m | 3 | 1 | | 2 | | | | 2 | | | | 2 |
| 30 m og over | 36 | 4 | 2 | 32 | | | 1 | 7 | 6 | 13 | 5 | 32 |
| Totalt | 312 | 27 | 15 | 300 | 5 | 1 | 9 | 41 | 36 | 125 | 83 | 300 |

4.1.

Herøy har ein etter måten stor og variert fiskeflåte. Den femner om fartøy og bruksklasser som er vanleg i norsk fiske. Flåten minka med 12 fartøy i 1987. To av ringnotfartøya vart kondemnert i 1987, så ringnotflåten var på 15 fartøy. Ein ferskfisktrålar vart seld ut av kommuna, og rekefrysetrålaren "Remøytrål" vart seld til utlandet og erstatta med den nye "Remøy", som vel må seiast å vere ein av dei mest effektive rekefrysetrålarane i landet og som er fullt på høgde med dei beste utlendingene som den norske rekeflåten må konkurrere med både på fiskefelt og marknader.

Avgang i antall mindre fartøy er mest mindre kystfiskefartøy som er seld ut av kommuna.

Lov om registrering og merking av fiskefartøy er framleis av eldre dato, og ikkje retta opp i samsvar med utviklinga i fiskeria. Framleis gjeld i hovudsak lova frå 1917 med lovendringar av 1948-1953-1963 og 1968. I tillegg er det utferdiga pålegg frå Fiskeridirektøren om at personar som registrerer fartøy i merkeregisteret skal stå oppført i fiskarmanntalet.

Det bør snarast gjennomførast klare lovreglar for retten til å føre inn fartøy i merkeregisteret. Det er spesielt for fartøy under 50 fot som det ikkje krevst ervervsløve for at problema meldar seg. Det blir ofte eit skjønsspørmål for merkelovens tilsynsmann om ein båt skal førast inn i registeret eller ikkje. Dette gir rom for forskjellsbehandling og tilsynsmannen får ofte grensetilfeller til behandling som er vanskelig å hanskas med. Også i forhold til ulike subsidieordninger for fiskeflåten vil det i mange høve oppstå eit misforhold ved at fartøy er registrert som fiskefartøy medan dei i realiteten er hobbybåtar.

## 4.2 Ringnotflåten.

Ringnotflåten er den dominerande flåtegruppe i Herøy.

Etter Austevoll har Herøy det største antal ringnotfarty i landet. Ringnotmiljøet i Herøy er svært godt, og det tette miljøet med ein sterk konsentrasjon i firmaet Skipsregnskap i Fosnavåg har vore ein medverkande årsak til den ekspansjon og framdrift som ringnotnæringa har hatt i kommuna.
Dei fleste ringnotbåtane driv ringnot i kombinasjon med kolmuletråling. I 1987 vart 2 ringnotfarty kondemnerte.
Ved utgangen av 1987 hadde den aktive flåten i Herøy eit konsesjonsvolum på 111250 hl. I tillegg var det 2 "sovande" konsesjonar på 18500 hl.

1987 var eit vanskelig år for ringnotflåten. Burtfall av loddefisket i Barentshavet slo sterkt ut for inntjeninga og prisane på råstoffet var på eit lavmål. Stendig aukande prisar på varer og tjenester gjorde at fleire rederi kom i vanskar. Små kvoter og lave prisar gjorde det uråd å få balanse i drifta for fleire av rederia og berre velvilje frå Statens Fiskarbank og dei andre bankane i distriktet gjorde at dei reid stormen av.

Brutto fangstinntekt for ringnotflåten i Herøy:

1984: Kr.121.321.000.-. 1985: Kr.125.000.000.-.
1986: Kr.127.000.000.-. 1987: Kr.113.000.000.-.
Når ein tek prisstigninga i betrakting ser ein klart kor alvorleg situasjonen var for ringnotnæringa i året som gjekk.

## 4.3 Industritrål:

Herøy har no berre 5 farty igjen som driv industritråling i Nordsjøen. Alle er stålfarty og dei har alle dei siste åra vorte moderniserte så ein kan vel seie at flåten er i svært god stand. Dei driv industritrål i Nordsjøen mestedelenav året ,men også konsumfiske utgjer ein del av inntektsgrunnlaget. Dei har sidan 1984 og hatt ei lita kvote av norsk vårgjytande sild.

Dei har framleis problem med skade på reiskapen grunna skrap og forureining på havbotnen etteroljeverksemda. I 1987 vart det utbetalt kr.551.060.- i erstatning for 17 skader på reiskap for dei 5 industritrålarane frå Herøy.
Elles hadde fartya frå Herøy eit rimeleg godt år i1987.

Brutto fangstinntekt for industritrålarane.

1985:Kr.15.000.000-.1986:Kr.19.000.000.-.1987:Kr.25.000.000.-.

## 4.4 Line-garn- og kystnotflåten.

Autolinebåtane hadde i 1987 eit godt brukbart år med gode prisar og avsetningsforhold.Fangstforholda var jamnt over bra og dei hadde eit resultatmessig godt år.For garnbåtane var det ikkje så bra fiske i kvantum. men det blei oppvege av tildels svært gode prisar.Spesielt var seien godt betalt.For dei mindre båtane (sjarkflåten) var året ikkje så bra kvantumsmessig,men også for dei vart kvantumssvikten oppvege av gode prisar , så resultatet vart også for dei brukbart.Det synast som om det tradisjonelle linefisket på dei nære felta utfor kysten minka av og det vert kompensert med meir anglar på kvar tur.

Medan det i 1986 vart fanga 16,8 kg fisk pr.100 anglar av båtane tilslutta Fosnavåg Lineegnesentral minka det i 1987 til 12,5 kg. Same trenden gjer seg gjeldande for dei andre sentralane som sender oppgave til Fiskerisjefen.

Årsaka til nedgangen i fangstmengda skuldast etter fiskarane si meining at fleire båtar i det siste har rusta seg ut for dette fisket. Med dei begrensa felta som vert nytta og lite "oppsig" av fisk frå djupare vatn meinar dei at det er for mykje båt på feltet.

Brutto fangstinntekt for flåtegruppa.

1985:Kr.31.000.000.-. 1986:Kr.46.000.000.-. 1987:Kr.47.000.000.-

## 4.5 Reketrål.

Flåten var i 1987 6 rekefrysetrålere.Derav 4 med sokalla "Grønlandskonsesjon". 1987 var det året då det praktisk talt ikkje var fiska reke på dei tradisjonelle rekefelta i Barentshavet. Fisket gjekk føre seg på felta rundt Jan Mayen,Svalbard og i Grønlandstredet.Det synast meir og meir at dei norske fartya tapar i konkurransen med utlendingane. Fisket føregår i store delar av året i farvatna nord om Svalbard og dei er ofte islagde.Vi har no etterkvart fått eindel nye reketrålarar som kan hevde seg i konkurransen med utlendingane,men framleis består den norske reketrålflåten i hovudsak av eldre farty utan dei isklasser som krevst for å kome på høgde med utlendingane.Trass i dette har det vore god rekruttering av unge fiskera til flåten.Året som gjekk gav også brukbare prisar og fangstar for deler av flåten. men som i dei fleste fiskeri er det dei største og mest moderne fartya som gjer det best.

Bruttofangst for rekefrysetrålarane.

1985:Kr.59.000.000.-. 1986:Kr.82.000.000.-1987:Kr.88.000.000.-.

## 4.6 Skjellskrapere.

1985 og 1986 var dei åra då skjellskraping og skjelltrålarar kom i fokus i media. Ei ny næring som det vart stilt store forhåpningar til. Ein kan vel trygt seie at fiskerimyndigheitene vart "tatt på senga". Det var lite forska på denne ressursen og meiningane i fiskerikrinsar var delte korvidt dette burde være ei næring å satse på. Men satsa vart det. I Herøy vart det investert ca. 200 millioner kroner i fyste omgang. Det vart bygd 2 nye farty spesielt laga for skjellskraping og ein supplybåt og ein reketrålar vart bygd om til dette. Dei kom i drift siste halvåret i 1986 og dei fyste turane svarte til forventningane. Det var svært gode prisar på produkta og marknaden syntes å kunne ta betydelige kvanta. Men det var og store problemar med produksjonsutstyret. Slitasjen på utstyret var enorme og det var mykje "prøving og feiling". Tildels måtte heile fabrikken skiftast ut og alle vedlikehaldsprognosar fall i fisk. I 1987 braut også marknaden saman og det vart ikkje eingong oppnådd halve prisen mot i 1986. I tilleg kom ein lav dollarkurs, så ein kan vel trygt seie at ved utgangen av 1987 såg det heller mørkt ut for næringa.

Bruttofangstfor skjellskraperane.
1986: Kr. 18.000.000.-. 1987: Kr. 48.000.000.-.

## 4.7 Kommentarar.

1987 kan reknast som eit medels år for fiskeflåten i Herøy set under eitt. For ringnotflåten var det vanskar med små kvotar og låge prisar. Prisane på varer og tjenester steig og inntjeninga for flåten var generelt sett altfor lita.

For autolinarane var det eit godt brukbart år med jamnt bra fangstar og gode prisar. Det var ikkje like bra med garnbåtane. Fangstane var mindre, men også her var det gode prisar på fisken som oppvegde noko av kvantumssvikte.

Sjarkflåten hadde eit resultat som kan seiast å vere under medels, sjøl om dei og naut godt av gode prisar. Å vere sjarkfiskar på heiltid kan vel trygt seiast å vere noko ta det hardaste yrket ein fiskar kan ha.

Her er eit døme på ei ordinær veke for ein sjarkfiskar som driv åleine i tida mai til og med september. Dei fleste ligg still 4-5 veker om sumaren for ferie og båtpuss.
Enmannsbåtar brukar vanlegvis 5000 krok pr. sjøvær i denne tida. Dei gjer vanleg 2 turar for veka når veiret gjer høve til det. Til å egne 5000 krok går det med 33 timar. Dei går på sjøen rundt midnatt og kjem inn igjen i 1800-1900 tida om kvelden. Med venting for levering, levering og tid til å ha stampane på land. take ut agn og gjere klart til egning kan ein rekne 4 timar. Tilsaman 55 timar pr. sjøvær. 110 timar pr. veke.

Kommentarar. (Forts).

Med ein fangst på 12.5 kg. pr 100 krok blir fangsten kvar tur 625 kg. x 2 gjev 1250 kg. etter ein arbeidsinnsats på 110 timar på ei veke.
Fangsten er blandingsfisk,hovudsakelg brosme. Med dei prisane som no blir betalte skulle det tilseie omlag kr. 7.- pr. kg. i snitt eller omlag kr.8750.- for veka.
Det går frå for is,agn,olje,m.m. omlag kr.18oo.-.
Delingsfangst kr.6950.-. Båtens part kr.2780.- Mannslotten blir pr.veke kr.4170.-. Delar ein det på 110 timar blir timesbetalinga kr.37.90.

Sjølsagt er dette døme rekna ut frå medeltal, men det gjev eit godt bilete av stoda for ein vanleg sjarkfiskar.
Når det gjeld fangstraten pr. 100 anglar for 1986 og 1987 kan ikkje det samanliknas direkte. For 1986 var heile året teke med ,medan det i 1987 berre var siste halve året.Mai og juni er rekna for å vere dei beste månadane.Dette kan vere ein medverkande årsak til at fangstraten for 1987 pr. 100 krok var berre 12.5 kg. mot 16.8 kg. i 1986.
Men det er einigheit blandt alle fiskarane at det var jamnt dårlegare fiskeri i 1987.

5. Oppdrettsnæringa.

I Herøy var det 4 etablerte sjøbaserte oppdrettsanlegg for laks og aure. 3 av dei leverte i 1987 681 tonn til ein verdi av Kr. 30.000.000.-.Det fjerde kom i drift i 1987 og dei fyste leveransane derfrå vert i 1988.Kvar av dei har eit konsesjonsvolum på 8000 m.3.Dei har alle gode lokaliteter og har gått klar av alvorlige sjukdomar.Dei har hatt spreidde åtak av vibriose men ikkje slik at det har hatt store negative verknader.
Eit av dei fyste kommersielle landbaserte anlegg for oppdrett av kveite vart og etablert i Herøy.
Det fyste setjefiskanlegget i Herøy kom i full drift i året som gjekk med eit konsesjonsvolum på 360.000 stk.

I samband med dei veksande kvanta oppdrettsfisk som blir produsert i kommuna blei eit av mottaksanlegga for fisk ombygd til slakteri for oppdrettsfisk.Dei slaktar og pakkar fisk også frå andre delar av fylket.

Verdi-omsetning

6. Servise for fiskeflåten.

Herøy har eit skipsverft som driv med skipsbygging og reparasjon.Verftet har flytedokk og har også slipp.
I Fosnavåg er det og eit notbøteri med skipshandel.Dei har og servise for redningsflåtar.På Eggesbønes er det og notbøteri Dei driv og med opplagsplass for mindre båtar.

Det er to reidskapsfabrikkar i Herøy.Den eine og med ein assortert skipshandel.Dette er millom dei mest moderne i landet og dei leverer produkta sine over heile landet.
Bøteria og reidskapsfabrikkane sysselset i periodar 50-60 personar ,og ein stor del av dei er kvinner.

Utviklinga med stendig meir elektroniske og elektriske apparater ombord i fiskebåtane set store krav til ettersyn,vedlikehald og nyinnstallasjoner.Det er ei forretning i Herøy som har spesialisert seg på dette og ei anna driv også i bransjen, men i mindre målestokk.

Nokre få rederi har eigne kontor, men dei fleste leiger teneste ved etablerte rekneskapskontor.Det er fleire av dei i kommuna og Skipsregnskap A/S er det største. Dei har rekneskap og tildels administrasjon for dei fleste større farty i kommuna.

7. Fiskeindustrien i Herøy.

Herøy har ein variert fiskeindustri.Det er 3 verksemder som produserer salt/klipp-og tørrfisk.
Det er 2 hermetikkfabrikker,eit større fryseri,3 røykeri og ein sildoljefabrikk.Sildoljefabrikken er idag den største arbeidsplassen i Herøy med 41 ansette.

Sildefiskernes Fabrikklag,Moldtustranda.
Råstoffmottak i HL. 1987.

| | |
|---|---|
| Nordsjøsild: | 70.576 hl. |
| Kolmule: | 403.734 hl. |
| Makrell: | 128.233 hl. |
| Augepål: | 42.146 hl. |
| Tobis: | 11.985 hl. |
| Vinterlodde: | 81.528 hl. |
| Sumarlodde: | 41.976 hl. |
| Annet: | 21.349 hl. |
| 1987 | 801.527 hl. |
| 1986 | 921.012 hl. |
| 1985 | 876.674.hl. |
| 1984 | 834.850 hl. |
| 1983 | 708.848 hl. |

Dei to hermetikkfabrikkane har eit stort produktutval.Dei sysselsette tilsaman:omlag 60 personar.derav 46 kvinner.
Dei to bedriftene omsette i 1987 for 45 millionar kroner.

GARANTIKASSEN FOR FISKERE.(Forts).

Garantiordningen (Minstelott).
Ordninga omfattar alle fiskerar på farty som var førd inn i merkeregisteret for norske fiskefarty, soframt fisket var dreve minst 22 dagar og høvedsmannen sto på Blad B i fiskarmanntalet. Tilskotet frå GFF blei rekna ut på grunnlag av oppnådd lott og tid i fiske.Fiskaren blir dermed sikra ein minsteinntekt under fisket hvis dette heilt eller delvis slår feil.
Det ordinære vekebeløp i 1987 utgjorde kr. 1.350.- med ein eigengaranti i kvar garantiperiode på 5 veker. Som eit ekstraordinært tiltak blei det imidlertid i 1.garantiperiode 1987 auka til kr.1700.- og krava til eigengaranti blei auka til 7 veker.

Garantilott utbetalt til Herøy for 1986-87.

1986.

| Garantiperiode | Beløp | Ant.Farty | Ant.mann |
|---|---|---|---|
| 1.(02.01-30.04) | Kr.553.200.- | 15 | 52 |
| 2.(01.05-31.08) | Kr.461.200.- | 12 | 36 |
| 3.(01.09-23.12) | Kr.177.000.- | 11 | 21 |
| Total | Kr.1.191.400.- | 38 | 109 |

1987.

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1.(02.01-30.04) | Kr.466.300.- | 26 | 65 |
| 2.(01.05-30.08) | Kr.322.300.- | 27 | 70 |
| 3.(01.09-23.12) | Kr.294.400.- | 18 | 36 |
| Total | Kr.1.083.000.- | 71 | 171 |

REFUSJON AV FORSIKRINGSPREMIE FOR FISKERE.

Ordninga med refusjon av premie til pakkeforsikringa var basert på et beregna antal årsverk i fiske.
Refusjonsbeløpet pr. årsverk utgjorde i 1987 kr. 914.-.
Dei fiskera som ikkje var forsikra i forsikringsselskap var automatisk forsikra i Fiskernes Gjensidige Trygdelag.
Ordninga var finansiert over fiskeristøtta og i 1987 var det avsett kr.16 mill. til føremålet.

Garantikassen registrerte fylgjande brutto lottinntekter for fiskarane i Herøy i 1986 og 87. Innkludert er ytingane for A-trygd,Garantilott og Ferietilskot.

1986: Totale registreringa: KR. 100.000.918.- for 761 personar.
Gj.snitt bruttolott. kr.131.407.-.

1987: Totale registreringa: KR. 108.251.763.- for 769 personar.
Gj.snitt bruttolott. kr.140.769.-.

## 8. GARANTIKASSEN FOR FISKERE:

Garantikassen for fiskere i Trondheim blei oppretta 1.jan 1980 og administrerte i 1987 ordningane med garantilott (minstelott). feriepengar,arbeidsledighetstrygd og refusjon av forsikringspremie for fiskere.

Ferieordningen.

Lov om ferie for fiskere omfatter alle som utfører arbeid ombord i farty,og får sin godtgjørelse med lott, hyre,lønn eller tilsvarande måte.

Feriepengane består av innbetalt avgift frå den enkelte fiskar og eit beløp avsett over fiskeristøtten.(Statsandel)

Feriepengar fekk ein når fylgjande forhold var oppfyllt:
-hadde minst 2 veker på fiske i opptjeningsåret
-sto oppførd på Blad B i fiskarmanntalet,eller fyllde betingelsene for opptak på Blad B.

For Herøy vart det utbetalt fylgjande beløp i 86 og 87.

| | | Eigenandel. | Statsandel. | Total. |
|---|---|---|---|---|
| 1986: | | | | |
| Antal personar: | 564 | Sum:kr.2.363.555.- | kr.1.843.154.- | kr.4.206.709.- |
| | | Gj.snitt:kr.4.190.- | kr.3.260.- | kr.7.107.- |
| 1987: | | | | |
| Antal personar: | 622 | Sum:kr.2.283.572.- | kr.1597.469.- | kr.4.421.041.- |
| | | Gj.snitt:kr.4.539.- | kr.2568.- | kr.7107.- |

Arbeidsledighetstrygd.

Omfattar alle fiskerar oppført i manntalets Blad B sysselsett ombord i merkeregistrert farty.Rett til A-trygd har ein ved ei rekke tilfelle når fartyet er sett ut av drift,f.eks ved forlis, havari,ishindringar o.s.v.Dagpengesatsen var kr.186.- pr.dag 6 dagar pr.veke.

A-trygd ordningen blir finansiert innafør det beløp som fiskarne betaler inn i produktavgift ved førstehandsomsetning av fisk og fiskevarer.

Utbetalt til Herøy 1986.

| Garantiperiode | Beløp | Krav | Dagar |
|---|---|---|---|
| 1.(02.01-30.04) | kr.293.694.- | 103 | 1579 |
| 2.(01.05-31.08) | kr.187.689.- | 182 | 964 |
| 3.(01.09-23.12) | kr.154.306.- | 83 | 885 |
| Sum | kr.626.689.- | 368 | 3428 |

Utbetalt til Herøy 1987.

| Garantiperiode | Beløp | Krav | Dagar |
|---|---|---|---|
| 1.(02.01-30.04) | kr.310.786.- | 130 | 1701 |
| 2.(01.05-31.08) | kr.324.198.- | 152 | 1743 |
| 3.(01.09-23.12) | kr.199.578.- | 115 | 1073 |
| Sum | kr.834.562.- | 397 | 4517 |

Auken på over kr.200.000.-for utbetalt A-trygd i 87 kjem mest frå gruppa havari.

Tabellar over fisk levert i Herøv i 1987 til salting,frysing
og fersk anvendelse.

Pris på dei forskj. fiskeslag

LEVERT 1515 HERØY TONN RUND VEKT/1000 KR 1987 1.kvartal

| | FERSK JAN | FERSK FEB | FERSK MAR | FERSK TOT | FRYSING JAN | FRYSING FEB | FRYSING MAR | FRYSING TOT | SALTING JAN | SALTING FEB | SALTING MAR | SALTING TOT | TOTALT JAN | TOTALT FEB | TOTALT MAR | TOTALT TOT | KR. TOT |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **GARN:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | 0 | 0 | 0 | - | 0 | 1 | 1 | 10 | 174 | 206 | 389 | 10 | 174 | 208 | 391 | 3765 |
| SEI | - | 7 | 15 | 22 | - | - | 52 | 52 | 62 | 361 | 178 | 601 | 62 | 368 | 246 | 676 | 3423 |
| HYSE | 0 | 6 | 3 | 10 | - | 0 | 1 | 1 | 0 | 28 | 18 | 46 | 1 | 53 | 41 | 95 | 390 |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| UER | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 0 | 0 | 1 | 1 | 4 |
| ANNET | 0 | 4 | 1 | 6 | 0 | 3 | 2 | 6 | 1 | 9 | 12 | 23 | 2 | 17 | 16 | 36 | 351 |
| TOTALT | 0 | 18 | 20 | 38 | 0 | 3 | 57 | 61 | 74 | 572 | 414 | 1060 | 75 | 613 | 512 | 1199 | 7932 |
| **LINE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | 4 | 1 | 23 | 28 | 5 | 1 | 24 | 29 | 187 |
| SEI | - | - | - | - | - | - | - | - | 1 | 0 | 0 | 1 | 2 | 0 | 0 | 2 | 13 |
| HYSE | 21 | 2 | - | 22 | - | - | 9 | 9 | 1 | - | 0 | 1 | 33 | 6 | 10 | 49 | 280 |
| STEINBIT | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| BROSME | - | - | - | - | - | - | - | - | 25 | 5 | 15 | 45 | 36 | 21 | 30 | 88 | 505 |
| LANGER | - | - | - | - | - | - | - | - | 12 | 1 | 0 | 14 | 14 | 4 | 3 | 22 | 211 |
| UER | - | - | - | - | 0 | 0 | 1 | 1 | - | - | - | - | 0 | 0 | 1 | 1 | 3 |
| ANNET | 0 | 0 | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 5 |
| TOTALT | 21 | 2 | - | 22 | 0 | 0 | 10 | 10 | 43 | 7 | 39 | 89 | 91 | 33 | 68 | 192 | 1204 |
| **JUKSE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | 0 | 0 | 0 | - | - | - | - | 3 | 6 | 0 | 9 | 3 | 6 | 1 | 10 | 95 |
| SEI | - | 7 | 8 | 14 | - | - | 0 | 0 | 8 | 55 | 4 | 67 | 8 | 61 | 12 | 82 | 465 |
| HYSE | 0 | 0 | 0 | 0 | - | - | - | - | - | 0 | - | 0 | 1 | 0 | 0 | 1 | 3 |
| ANNET | - | 0 | - | 0 | - | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 1 | 1 | 0 | 0 | 1 | 52 |
| TOTALT | 0 | 7 | 8 | 15 | - | 0 | 0 | 0 | 12 | 61 | 4 | 78 | 13 | 68 | 12 | 93 | 615 |
| **NOT:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| SEI | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| ANNET | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| TOTALT | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |

Tonn i rund vekt/1000 kr. 1.kvartal

| | FERSK JAN | FEB | MAR | TOT | FRYSING JAN | FEB | MAR | TOT | SALTING JAN | FEB | MAR | TOT | TOTALT JAN | FEB | MAR | TOT | KR. TOT |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **TRÅL:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | 0 | - | 0 | 0 | - | 2 | 2 | 0 | 0 | 2 | 2 | 22 |
| SEI | - | - | - | - | - | - | - | - | 10 | - | 15 | 25 | 10 | - | 15 | 25 | 137 |
| HYSE | - | - | 6 | 6 | - | - | - | - | 1 | - | - | 1 | 1 | - | 6 | 6 | 37 |
| STEINBIT | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| BROSME | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | - | - | 0 | 0 | - | - | 0 | 2 |
| LANGER | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | - | - | 0 | 0 | - | - | 0 | 2 |
| UER | 0 | - | - | 0 | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | - | - | 0 | 0 |
| ANNET | 0 | - | - | 0 | 1728 | - | - | 1728 | - | - | - | - | 1728 | - | - | 1728 | 9236 |
| TOTALT | 1 | - | 6 | 6 | 1728 | 0 | - | 1728 | 11 | - | 16 | 28 | 1740 | 0 | 22 | 1762 | 9435 |
| **SNURREVAD:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 3 | 3 | 0 | 0 | 3 | 3 | 39 |
| SEI | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | 0 | 1 |
| HYSE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 3 | 3 | 0 | 0 | 9 | 9 | 41 |
| ANNET | - | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 | - | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 |
| TOTALT | - | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 | - | - | 6 | 6 | 0 | 0 | 12 | 13 | 82 |
| **ANDRE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| ANNET | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| TOTALT | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| **TILSAMMEN:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | 0 | 0 | 1 | - | 0 | 1 | 1 | 17 | 180 | 234 | 431 | 18 | 181 | 236 | 435 | 4108 |
| SEI | - | 14 | 23 | 37 | - | - | 52 | 52 | 82 | 415 | 197 | 694 | 82 | 429 | 273 | 784 | 4039 |
| HYSE | 21 | 8 | 9 | 38 | - | 0 | 10 | 10 | 2 | 28 | 21 | 51 | 36 | 60 | 65 | 161 | 752 |
| STEINBIT | - | - | 0 | 0 | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | 0 | 0 |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| BROSME | - | - | - | - | - | - | - | - | 26 | 5 | 15 | 47 | 37 | 22 | 31 | 90 | 518 |
| LANGER | - | - | - | - | - | - | - | - | 13 | 10 | 11 | 34 | 16 | 13 | 14 | 43 | 379 |
| UER | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 0 | 0 | 1 | 1 | 0 | 1 | 2 | 2 | 7 |
| ANNET | 1 | 4 | 1 | 6 | 1728 | 3 | 2 | 1734 | 0 | 1 | 1 | 2 | 1729 | 9 | 5 | 1744 | 9467 |
| TOTALT | 22 | 26 | 34 | 82 | 1728 | 4 | 67 | 1799 | 140 | 640 | 480 | 1260 | 1919 | 714 | 626 | 3259 | 19268 |
| **DIVERSE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| SKALLDYR | - | - | - | - | 68 | 257 | 78 | 404 | - | - | - | - | 68 | 257 | 78 | 404 | 6727 |

LEVERT 1515 HERØY TONN RUND VEKT/1000 KR L 1987 2.Kvartal

| | FERSK | | | | FRYSING | | | | SALTING | | | | TOTALT | | | | KR. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | APR | MAI | JUN | TOT | APR | MAI | JUN | TOT | APR | MAI | JUN | TOT | APR | MAI | JUN | TOT | TOT |
| **GARN:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | 0 | - | 0 | - | - | - | - | 83 | 8 | 1 | 91 | 83 | 8 | 1 | 92 | 926 |
| SEI | - | 0 | - | 0 | - | - | - | - | 95 | 11 | 0 | 106 | 95 | 11 | 0 | 107 | 511 |
| HYSE | 3 | 0 | 0 | 3 | - | - | - | - | 37 | 14 | 0 | 51 | 51 | 15 | 0 | 66 | 298 |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| UER | - | - | - | - | 0 | 0 | - | 1 | 0 | 0 | - | 0 | 0 | 1 | - | 1 | 3 |
| ANNET | 1 | 0 | 0 | 1 | 1 | 0 | - | 2 | 19 | 10 | 1 | 30 | 21 | 11 | 1 | 33 | 284 |
| TOTALT | 4 | 1 | 0 | 4 | 2 | 0 | - | 2 | 234 | 43 | 2 | 279 | 251 | 46 | 3 | 300 | 2022 |
| **LINE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | 4 | 2 | 3 | 9 | 4 | 2 | 4 | 9 | 92 |
| SEI | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | 1 | 1 | 3 | 0 | 1 | 2 | 3 | 14 |
| HYSE | 0 | 4 | 3 | 8 | - | 1 | - | 1 | 1 | 4 | 5 | 10 | 3 | 10 | 15 | 27 | 128 |
| STEINBIT | - | - | 0 | 0 | - | - | 0 | 0 | - | - | - | - | - | - | 0 | 0 | 1 |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| BROSME | - | - | - | - | - | - | - | - | 93 | 38 | 46 | 176 | 97 | 43 | 66 | 206 | 993 |
| LANGER | - | - | - | - | - | - | - | - | 31 | 27 | 38 | 96 | 32 | 27 | 39 | 98 | 778 |
| UER | 0 | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | - | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 |
| ANNET | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 11 |
| TOTALT | 0 | 4 | 3 | 8 | 0 | 1 | 0 | 2 | 128 | 72 | 94 | 294 | 136 | 83 | 126 | 345 | 2019 |
| **JUKSE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | 0 | - | 0 | - | 0 | - | 0 | 1 | 2 | 3 | 6 | 1 | 2 | 3 | 7 | 64 |
| SEI | - | 0 | - | 0 | - | - | - | - | 1 | 2 | 1 | 3 | 1 | 2 | 1 | 3 | 13 |
| HYSE | - | 0 | 0 | 0 | - | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 |
| ANNET | - | 0 | - | 0 | - | - | - | - | - | 0 | 0 | 0 | - | 0 | 0 | 0 | 2 |
| TOTALT | - | 0 | 0 | 0 | - | 0 | - | 0 | 2 | 4 | 4 | 10 | 2 | 4 | 4 | 10 | 80 |
| **NOT:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| SEI | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| ANNET | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| TOTALT | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |

Tonn rund vekt/1000 kr. 2. Kvartal

| | FERSK | | | | FRYSING | | | | SALTING | | | | TOTALT | | | | KR. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | APR | MAI | JUN | TOT | APR | MAI | JUN | TOT | APR | MAI | JUN | TOT | APR | MAI | JUN | TOT | TOT |
| **TRÅL:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 2 | - | 2 | - | 2 | - | 2 | 16 |
| SEI | - | - | - | - | - | - | - | - | 36 | 73 | 60 | 169 | 36 | 73 | 60 | 169 | 648 |
| HYSE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | - | 0 | - | 0 | - | 0 | 0 |
| STEINBIT | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| BROSME | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | 2 | - | 3 | 0 | 2 | - | 3 | 14 |
| LANGER | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | 3 | - | 4 | 0 | 3 | - | 4 | 30 |
| UER | - | 0 | - | 0 | 0 | - | - | 0 | 0 | 0 | - | 0 | 0 | 0 | - | 1 | 2 |
| ANNET | 0 | 2 | - | 2 | 210 | 1 | 72 | 283 | - | - | - | - | 210 | 6 | 72 | 288 | 1272 |
| TOTALT | 0 | 2 | - | 3 | 210 | 1 | 72 | 283 | 37 | 81 | 60 | 177 | 248 | 87 | 132 | 466 | 1982 |
| **SNURREVAD:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | 2 | 0 | 1 | 3 | 2 | 0 | 2 | 5 | 46 |
| SEI | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 |
| HYSE | 4 | 0 | 0 | 4 | - | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 1 | 8 | 0 | 3 | 12 | 52 |
| ANNET | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 | 2 | 6 |
| TOTALT | 4 | 0 | 0 | 4 | 0 | 0 | 1 | 1 | 3 | 0 | 1 | 4 | 10 | 1 | 7 | 19 | 106 |
| **ANDRE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| ANNET | - | - | 0 | 0 | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | 0 | 0 |
| TOTALT | - | - | 0 | 0 | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | 0 | 0 |
| **TILSAMMEN:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | 0 | - | 0 | - | 0 | - | 0 | 90 | 13 | 8 | 111 | 90 | 14 | 9 | 113 | 1144 |
| SEI | - | 0 | - | 0 | - | - | - | - | 132 | 87 | 62 | 280 | 132 | 87 | 63 | 282 | 1188 |
| HYSE | 7 | 5 | 3 | 15 | - | 1 | - | 1 | 38 | 19 | 5 | 62 | 62 | 26 | 18 | 106 | 480 |
| STEINBIT | 0 | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | - | - | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 3 |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| BROSME | - | - | - | - | - | - | - | - | 95 | 41 | 46 | 182 | 100 | 46 | 66 | 213 | 1024 |
| LANGER | - | 0 | - | 0 | - | 0 | - | 0 | 49 | 39 | 39 | 127 | 49 | 39 | 40 | 128 | 1025 |
| UER | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 1 | - | 1 | 1 | 1 | 0 | 2 | 5 |
| ANNET | 1 | 2 | 0 | 4 | 211 | 1 | 73 | 285 | 0 | 0 | 0 | 1 | 213 | 8 | 74 | 294 | 1340 |
| TOTALT | 8 | 8 | 3 | 19 | 212 | 3 | 73 | 288 | 403 | 199 | 161 | 763 | 647 | 222 | 271 | 1139 | 6210 |
| **DIVERSE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| SKALLDYR | - | - | - | - | 13 | 42 | 36 | 91 | - | - | - | - | 13 | 42 | 36 | 91 | 1484 |

LEVERT 1515 HERØY TONN RUND VEKT/1000 KR 1987 3.Kvartal

| | FERSK | | | | FRYSING | | | | SALTING | | | | TOTALT | | | | KR. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | JUL | AUG | SEP | TOT | JUL | AUG | SEP | TOT | JUL | AUG | SEP | TOT | JUL | AUG | SEP | TOT | TOT |
| GARN: | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | 1 | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | 1 | 1 | 12 |
| SEI | - | - | 19 | 19 | - | - | - | - | - | 0 | 5 | 5 | 1 | 0 | 24 | 26 | 111 |
| HYSE | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | - | 0 | 0 | 0 | - | 0 | 0 | 0 |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| UER | - | - | 3 | 3 | - | - | 1 | 1 | - | - | 3 | 3 | - | - | 6 | 6 | 22 |
| ANNET | - | - | - | - | - | 0 | - | 0 | 0 | 0 | 6 | 7 | 0 | 0 | 6 | 7 | 34 |
| TOTALT | - | - | 22 | 22 | - | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | 15 | 16 | 2 | 0 | 38 | 40 | 179 |
| LINE: | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | 2 | - | 2 | 4 | 2 | 1 | 7 | 4 | 5 | 1 | 10 | 84 |
| SEI | - | - | 0 | 0 | - | 3 | - | 3 | 3 | 2 | 2 | 6 | 3 | 7 | 2 | 12 | 47 |
| HYSE | - | 0 | 4 | 4 | - | 11 | - | 11 | 0 | 6 | 9 | 14 | 1 | 24 | 19 | 44 | 199 |
| STEINBIT | - | - | - | - | - | 0 | - | 0 | - | 0 | - | 0 | - | 0 | - | 0 | 1 |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| BROSME | - | - | - | - | - | - | - | - | 53 | 118 | 37 | 209 | 59 | 135 | 42 | 235 | 1027 |
| LANGER | - | - | - | - | - | - | - | - | 154 | 28 | 13 | 195 | 154 | 29 | 14 | 197 | 1434 |
| UER | 0 | 0 | 0 | 0 | - | 0 | 0 | 0 | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 1 | 3 |
| ANNET | - | 0 | 0 | 0 | 34 | 74 | 1 | 109 | - | 0 | - | 0 | 34 | 74 | 1 | 109 | 2198 |
| TOTALT | 0 | 0 | 4 | 5 | 34 | 91 | 1 | 126 | 214 | 155 | 62 | 431 | 256 | 274 | 79 | 608 | 4994 |
| JUKSE: | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | 0 | - | 0 | - | - | 0 | 0 | 1 | 4 | 6 | 11 | 1 | 4 | 6 | 11 | 103 |
| SEI | 2 | 1 | 1 | 4 | - | - | - | - | 1 | 7 | 20 | 28 | 3 | 8 | 22 | 32 | 132 |
| HYSE | - | - | 0 | 0 | - | - | 0 | 0 | - | 0 | 0 | 0 | - | 0 | 0 | 1 | 3 |
| ANNET | - | - | - | - | - | 0 | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 4 |
| TOTALT | 2 | 1 | 1 | 4 | - | 0 | 0 | 0 | 2 | 12 | 26 | 40 | 4 | 12 | 28 | 45 | 242 |
| NOT: | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| SEI | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| ANNET | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| TOTALT | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |

Tonn i rund vekt/1000kr. 3.Kvartal

| | FERSK | | | | FRYSING | | | | SALTING | | | | TOTALT | | | | KR. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | JUL | AUG | SEP | TOT | JUL | AUG | SEP | TOT | JUL | AUG | SEP | TOT | JUL | AUG | SEP | TOT | TOT |
| **TRÅL:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | 2 | - | - | 2 | - | - | 2 | 2 | 2 | - | 2 | 4 | 27 |
| SEI | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 12 | 12 | - | - | 12 | 12 | 42 |
| HYSE | - | - | 0 | 0 | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 1 | 1 | 5 |
| STEINBIT | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | 2 | - | - | 2 | - | - | - | - | 2 | - | - | 2 | 10 |
| BROSME | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | 0 | - | - | 0 | 0 | 2 |
| LANGER | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 2 | 2 | - | - | 2 | 2 | 13 |
| UER | - | - | 0 | 0 | - | - | - | - | - | - | 0 | 0 | - | - | 0 | 0 | 1 |
| ANNET | - | - | 1 | 1 | - | - | 0 | 0 | - | - | - | - | - | - | 1 | 1 | 9 |
| TOTALT | - | - | 2 | 2 | 4 | - | 0 | 4 | - | - | 16 | 16 | 4 | - | 18 | 23 | 109 |
| **SNURREVAD:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | 0 | 1 | 0 | 1 | 2 | 12 |
| SEI | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 |
| HYSE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 1 | 1 | 1 | 3 | 6 | 10 | 47 |
| ANNET | 0 | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | - | - | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 1 | 4 |
| TOTALT | 0 | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | - | - | 1 | 1 | 3 | 4 | 7 | 14 | 65 |
| **ANDRE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | - | 0 | - | 0 | - | 0 | 0 |
| ANNET | 2 | 4 | 2 | 7 | - | - | - | - | - | 1 | - | 1 | 2 | 4 | 2 | 8 | 179 |
| TOTALT | 2 | 4 | 2 | 7 | - | - | - | - | - | 1 | - | 1 | 2 | 4 | 2 | 8 | 179 |
| **TILSAMMEN:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | 0 | - | 0 | 2 | 2 | 0 | 5 | 6 | 6 | 9 | 21 | 9 | 9 | 10 | 28 | 238 |
| SEI | 2 | 1 | 21 | 24 | - | 3 | - | 3 | 3 | 9 | 39 | 52 | 7 | 15 | 60 | 82 | 334 |
| HYSE | - | 0 | 4 | 4 | - | 11 | 0 | 11 | 0 | 6 | 10 | 16 | 2 | 27 | 27 | 56 | 255 |
| STEINBIT | - | - | - | - | 0 | 0 | - | 0 | - | 0 | - | 0 | 0 | 0 | - | 1 | 2 |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | 2 | - | - | 2 | - | - | - | - | 2 | - | - | 2 | 10 |
| BROSME | - | - | - | - | - | - | - | - | 53 | 118 | 38 | 210 | 59 | 135 | 43 | 237 | 1034 |
| LANGER | - | - | - | - | - | - | - | - | 154 | 29 | 21 | 203 | 154 | 30 | 21 | 205 | 1486 |
| UER | 0 | 0 | 3 | 3 | - | 0 | 1 | 1 | - | 0 | 3 | 4 | 0 | 1 | 7 | 8 | 26 |
| ANNET | 2 | 4 | 3 | 9 | 35 | 74 | 1 | 110 | 0 | 0 | 0 | 0 | 37 | 78 | 4 | 119 | 2385 |
| TOTALT | 4 | 4 | 31 | 40 | 39 | 92 | 2 | 132 | 216 | 168 | 121 | 505 | 271 | 295 | 172 | 738 | 5769 |
| **DIVERSE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| SKALLDYR | - | - | - | - | 81 | 65 | 393 | 538 | - | - | - | - | 81 | 65 | 393 | 538 | 11265 |

LEVERT 1515 HERØY TONN RUND VEKT/1000 KR . 1987 4.Kvartal

| | FERSK | | | | FRYSING | | | | SALTING | | | | TOTALT | | | | KR. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | OKT | NOV | DES | TOT | OKT | NOV | DES | TOT | OKT | NOV | DES | TOT | OKT | NOV | DES | TOT | TOT |
| **GARN:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | 1 | - | 1 | 0 | 1 | - | 1 | 8 |
| SEI | 22 | - | - | 22 | - | - | - | - | 2 | 31 | - | 32 | 24 | 31 | - | 54 | 237 |
| HYSE | - | 0 | - | 0 | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | - | 0 | 0 |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| UER | 2 | 5 | - | 7 | - | - | - | - | - | 0 | - | 0 | 2 | 5 | - | 8 | 24 |
| ANNET | 2 | 0 | - | 2 | - | - | - | - | 2 | 4 | - | 6 | 4 | 5 | - | 9 | 52 |
| TOTALT | 26 | 5 | - | 32 | - | - | - | - | 4 | 36 | - | 40 | 30 | 41 | - | 72 | 320 |
| **LINE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | 0 | 0 | 0 | 0 | 65 | - | 739 | 804 | 1 | 2 | 44 | 46 | 66 | 2 | 783 | 851 | 6231 |
| SEI | 0 | 0 | - | 0 | - | - | - | - | 2 | 3 | 0 | 5 | 2 | 3 | 0 | 6 | 23 |
| HYSE | 23 | 28 | 2 | 53 | 1 | - | 96 | 97 | 1 | 1 | 1 | 2 | 27 | 32 | 101 | 161 | 758 |
| STEINBIT | - | - | - | - | 15 | - | 28 | 43 | - | - | - | - | 15 | - | 28 | 43 | 150 |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | 0 | - | 22 | 23 | - | - | - | - | 0 | - | 22 | 23 | 123 |
| BROSME | 0 | - | 0 | 0 | 1 | - | 27 | 27 | 32 | 29 | 17 | 79 | 41 | 37 | 48 | 125 | 519 |
| LANGER | - | - | - | - | - | - | - | - | 11 | 14 | 2 | 27 | 12 | 16 | 2 | 30 | 241 |
| UER | 0 | 0 | - | 0 | - | - | 4 | 4 | - | - | - | - | 0 | 0 | 4 | 5 | 13 |
| ANNET | 20 | 14 | 0 | 35 | 0 | - | 0 | 0 | - | 0 | - | 0 | 20 | 14 | 0 | 35 | 72 |
| TOTALT | 44 | 42 | 3 | 89 | 81 | - | 917 | 998 | 47 | 49 | 64 | 159 | 184 | 104 | 989 | 1277 | 8129 |
| **JUKSE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | 0 | 0 | - | - | - | - | 1 | 0 | 0 | 2 | 1 | 1 | 0 | 2 | 17 |
| SEI | 0 | 0 | - | 1 | - | - | - | - | 3 | 9 | 3 | 15 | 3 | 10 | 3 | 17 | 72 |
| HYSE | 0 | 0 | - | 0 | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | 0 | - | 0 | 2 |
| ANNET | 1 | 0 | - | 1 | - | - | - | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 1 | 6 |
| TOTALT | 1 | 1 | 0 | 2 | - | - | - | - | 4 | 10 | 3 | 17 | 5 | 12 | 4 | 21 | 96 |
| **NOT:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| SEI | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| ANNET | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| TOTALT | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |

Tonn i rund vekt/1000 kr. 4.kvartal

| | F E R S K | | | | F R Y S I N G | | | | S A L T I N G | | | | T O T A L T | | | | K R. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | OKT | NOV | DES | TOT | OKT | NOV | DES | TOT | OKT | NOV | DES | TOT | OKT | NOV | DES | TOT | TOT |
| **TRÅL:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | 1 | - | 1 | 4 | 2 | 0 | 6 | 4 | 3 | 0 | 7 | 55 |
| SEI | 11 | 5 | - | 16 | - | - | - | - | 24 | 8 | 0 | 32 | 35 | 13 | 0 | 47 | 180 |
| HYSE | 5 | 2 | - | 7 | - | - | - | - | - | - | - | - | 5 | 2 | - | 7 | 32 |
| STEINBIT | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | - | 1 | - | 1 | - | - | - | - | - | 1 | - | 1 | 3 |
| BROSME | - | - | - | - | - | - | - | - | 1 | 2 | - | 3 | 1 | 2 | - | 3 | 11 |
| LANGER | - | - | - | - | - | - | - | - | 3 | 2 | - | 5 | 3 | 2 | - | 5 | 43 |
| UER | 16 | 0 | - | 16 | - | - | - | - | - | - | - | - | 16 | 0 | - | 16 | 78 |
| ANNET | 4 | 3 | - | 7 | 0 | - | - | 0 | - | - | - | - | 4 | 3 | - | 7 | 46 |
| TOTALT | 35 | 11 | - | 46 | 0 | 2 | - | 2 | 32 | 13 | 0 | 45 | 67 | 25 | 0 | 93 | 448 |
| **SNURREVAD:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | 0 | - | - | 0 | - | - | - | - | 0 | 0 | - | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 |
| SEI | - | - | - | - | - | - | - | - | 0 | - | - | 0 | 0 | - | - | 0 | 1 |
| HYSE | - | 0 | - | 0 | - | - | - | - | - | - | - | - | 1 | 1 | 0 | 2 | 11 |
| ANNET | 1 | 1 | - | 2 | 0 | - | - | 0 | 0 | - | - | 0 | 1 | 1 | 0 | 2 | 8 |
| TOTALT | 1 | 1 | - | 2 | 0 | - | - | 0 | 0 | 0 | - | 0 | 3 | 2 | 1 | 5 | 21 |
| **ANDRE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| ANNET | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| TOTALT | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| **TILSAMMEN:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TORSK | 0 | 0 | 0 | 0 | 65 | 1 | 739 | 806 | 6 | 5 | 44 | 55 | 71 | 6 | 784 | 861 | 6313 |
| SEI | 33 | 5 | - | 39 | - | - | - | - | 30 | 51 | 3 | 84 | 64 | 57 | 4 | 124 | 512 |
| HYSE | 28 | 30 | 2 | 61 | 1 | - | 96 | 97 | 1 | 1 | 1 | 2 | 33 | 36 | 102 | 171 | 803 |
| STEINBIT | - | - | - | - | 15 | - | 28 | 43 | - | - | - | - | 15 | - | 28 | 43 | 150 |
| BLÅKVEITE | - | - | - | - | 0 | 1 | 22 | 23 | - | - | - | - | 0 | 1 | 22 | 23 | 126 |
| BROSME | 0 | - | 0 | 0 | 1 | - | 27 | 27 | 34 | 32 | 18 | 83 | 43 | 40 | 48 | 130 | 538 |
| LANGER | - | - | - | - | - | - | - | - | 16 | 19 | 2 | 37 | 17 | 21 | 2 | 40 | 326 |
| UER | 18 | 6 | - | 24 | - | - | 4 | 4 | - | 0 | - | 0 | 18 | 6 | 4 | 28 | 115 |
| ANNET | 28 | 19 | 0 | 47 | 0 | - | 0 | 0 | - | 0 | - | 0 | 28 | 19 | 0 | 47 | 132 |
| TOTALT | 107 | 60 | 3 | 170 | 82 | 2 | 917 | 1000 | 87 | 108 | 67 | 263 | 289 | 184 | 994 | 1468 | 9015 |
| **DIVERSE:** | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| SKALLDYR | - | - | - | - | 103 | 681 | 332 | 1116 | - | - | - | - | 103 | 681 | 332 | 1116 | 22061 |